



Kommunal informasjon frå Meland kommune

Pb. 79 - 5906 Frekhaug Tlf. 56 17 10 00

E-post: postmottak@meland.kommune.no - www.meland.kommune.no

Foto: Roald Bertelsen

KUNNGJERINGAR

MELAND BIBLIOTEK:

Vi starter opp Bok-og strikkekafe torsdag 13. mars kl. 17.00 – 19.00. Ta med strikkesett, garn og pinner. Biblioteket stiller med bokprat, te og kaffe. Velkomne!

Nordhordland Litterære Selskap har møte torsdag 20. mars kl. 19.00 på Meland bibliotek. Vi skal samtale om boka: «Hendelser ved vann» av Kjerstin Ekman. Velkomne!

Eventyrstund: 1. april kl. 10.30 fortel vi eventyr og les for førskulebarn.

KULTURKVELD

«Terje Vigen» med Helge Jordal

Stad: Nordhordland Folkehøgskule torsdag 13. mars kl.19.

Program:

- * Eirik Utne kåserer
- * Musikalsk innslag
- * Kaffi og kringle
- * «Terje Vigen» med Helge Jordal



Billetter: Sal i døra Pris: kr. 200,-, seniorar kr. 100,-
Arrangør: Den Kulturelle Spaserstokken i Meland
Meland Frivilligsentral

MELAND MINIFESTIVAL

Med **KløverKnekt & Skarre R, Linn og Emilie, Julian Svindal Luna.**

Nordgardsløa fredag 21. mars kl.19.

Aldersgrense: 14 – 19 år. Arrangementet er rusfritt.

Pris kr. 50,-.

BESØKSVEN

Har du lyst å bli besøkssven, eller har du lyst å ha ein besøkssven? Å gå tur, lese høgt, besøke eller få besøk, være med på ein aktivitet saman med nokon. Det er mange ting i kvardagen som er kjekt å gjere saman med andre.

Kontakt: e-post: besokstjenesten@nhrk.no

Tlf.: 56 17 10 66 (Frivilligsentralen)

DATAKLUBB FOR PENSJONISTAR!

Klubben er for deg som vil læra litt meir om data og for deg som vil dela det du kan med andre. Ein treffstad der du kan øva deg på å bruke data.

Stad: Eldresenteret på Frekhaug

Tid: måndagar frå kl. 12 – 14.

Arrangør: *Meland Helselag, Meland Frivilligsentral*

VIL DU VERA EIN AV VÅRE FRIVILLIGE?

Kontakt Meland Frivilligsentral, tlf. 56 17 10 66.

PLANMELDING 01/2014

1.Oppstart arbeid med Utbyggingsavtale

Elvaåsen – planID 1256 2011 0003

Varsel om oppstart av arbeid med utbyggingsavtale for gjennomføring av bustadfeltet Elvaåsen på Frekhaug, jf

plan- og bygningslova kap.17.

Frist for å sende inn skriftlege merknader eller innspel er **18.04.2014.**

2. Offentleg ettersyn av reguleringsplan

Utval for drift og utvikling har i møte 10.12.2013 lagt følgjande framlegg til reguleringsplanplan ut på nytt offentleg ettersyn, jf plan- og bygningslova § 12-10:

Hoplandsdalen jorddeponi – planID 1256 2009 0003

Framlegget til plan skildrar og legg til rette for mellom anna etablering og drift av jorddeponi, utbetring av veg og opparbeiding av GS-veg.

Planframlegget er utlagt til offentleg ettersyn i **perioden frå 12.03.2014 til og med 25.04.2014.**

Offentlege partar, organisasjonar og grunneigarar innafor planområdet vert varsla særskilt.

3. Godkjente reguleringsplanar

Meland kommunestyre har i møte 25.09.2013 gjort vedtak om endring og godkjenning av følgjande reguleringsplanar, jf plan- og bygningslova § 12-12, 2.ledd:

Naustvika – planID 1256 2002 1218

Reguleringsplanen syner mellom anna tomt for bustad og fritidsbustad, småbåtanlegg og tilkomst frå offentleg veg.

Elvaåsen – planID 1256 2001 0003

Området er regulert til bustader med tilhøyrande anlegg, friluftsføremål og naturføremål.

Godkjenningsvedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jf plan- og bygningslova

§§ 12-12 og 1-9. Klagefristen er **11.04.2014.** Klagen skal stilast til Fylkesmannen, men skal sendast til Meland kommune for vurdering av kommunestyret før den vert vidaresendt til Fylkesmannen.

4. Generelt

Planframlegg og godkjente reguleringsplanar er lagt ut i resepsjonen i rådhuset, og i digitalt planarkiv.

Ein finn link til BRAPLAN på

www.meland.kommune.no. Velg Meland

kommune under eigar og nytt planID, arkivID eller plannamn til søk.

Merknader, innspel eller eventuell klage må vere skriftlege og skal sendast til Meland kommune, Plan, utbygging og kommunalteknikk, postboks 79, 5906 Frekhaug, eller som e-post til postmottak@meland.kommune.no.

Verknad av godkjent reguleringsplan

Godkjent reguleringsplan er, etter plan- og bygningslova § 12-4, straks bindande for alt arbeid, alle nye tiltak og utviding av eksisterande tiltak innafor planområdet, jf plan- og bygningslova § 1-6. Tiltak etter § 1-6, 1. ledd, medrekna bruksendring etter § 31-2, jf også § 1-6, 2. ledd, må ikkje vere i strid med arealføremål eller føresegner. Planen er styrande for behandling av søknad eller forståing av tiltak etter § 20-1, 1. ledd, bokstav a) til m), jf §§ 20-2 og 20-3.

Krav om erstatning etter plan- og bygningslova § 15-3 og krav om innløyning etter § 15-2, må vere sett fram seinast 3 år etter denne kunngjeringa.

Siste nytt om Miljøplan og SMIL – praktisk kurs

Landbrukskontoret i Meland tilbyr praktisk kurs i oppdatering av miljøplan. Ta med gamle planar og godt humør så set vi oss ned saman og får orden på papira. Målet er at alle skal gå heim med papira i orden. Alle foretak som søker produksjonstilskot skal ha ein miljøplan 1. I tillegg må du ha Miljøplan 2 for å søkja på ordningar som RMP (regionalt miljøprogram) SMIL (spesielle miljøtiltak) og grøfting. Nytt sjansen til å få hjelp frå landbrukskontoret!

Program for kvelden

- Kort innleiing om kva miljøplan skal innehalda
- Arbeid med miljøplan.
- Enkel servering

Dato: 20. mars 2014 kl. 19.30 på Rådhuset - formannskapssalen. Påmelding innan 18. mars til:

laila.bjorge@meland.kommune.no tlf 56 171000/ 56171185 el mob 957 35405 Når du melder deg på sei frå om du manglar gardskart for noko av areala du bruker, så lagar me dei klar og tek med til kurset. Me vil og kopiera opp relevante skjema til utdeling.

LEDIGE STILLINGAR

Meland kommune har tatt i bruk elektronisk søknadsskjema på ledige stillingar. Det er kun mogleg å søkje gjennom vårt elektroniske søknadsprogram. Dette gjeld både for eksterne og interne søkerar. Nærare informasjon finn du på www.meland.kommune.no under ledige stillingar.

Har du lyst på spennande oppgaver i ein kommune i vekst

Meland kommune treng:

HELSE

Fastlege – 100% vikariat
Jordmor – 25% fast stilling
Helsesekretær

VESTBYGD SKULE

Sekretær – 50% fast stilling

NAV

Sakshandsamar – 100% fast stilling

PLAN, UTBYGGING OG KOMMUNALTEKNIKK

Byggjesaks konsulent – 100% fast stilling
Prosjekt rådgjevar – 100% fast stilling
Plansaks konsulentar – 100% fast stilling
Skog- og miljøkonsulent – 100% fast stilling
Drift- og vedlikehaldsarbeidar – 100 % fast stilling

FERIEVIKARAR SOMMAR 2014

Reinhald og vaskeri
Drift og vedlikehald
Pleie og omsorg

Sjå fullstendig utlysingstekst på kommunen sine nettsider: www.meland.kommune.no

Søknadsfrist 30.03.14

OPNE MØTE mars/april 2014

	Dato	Kl.	Møtestad
Formannskapet	Onsdag	19.03	Etter møte i Adm.utv. som startar Kl. 15:00 Formannskapssalen
Fellesrådet	Torsdag	27.03	14.00 Formannskapssalen
Utval for levekår	Tysdag	01.04	16.00 Formannskapssalen
Utval for drift og utvikling	Tysdag	01.04	16.00 Møterom 3
Formannskapet	Onsdag	02.04	16.00 Formannskapssalen
Kommunestyret	Onsdag	09.04	17.00 Kantina

Møte i folkevalde organ er som hovudregel offentlege etter Kommunelova.

Alle som ønskjer det kan vera til stades, og det er høve til å referere frå møta.

Sakspapir er tilgjengelege på kommunen sine nettside www.meland.kommune.no